

Anne G. Waage  
Våkleiven 22

5155 BØNES

17.04.16

Norges vassdrags- og energidirektorat,  
Postboks 5091 Majorstua,  
0301 OSLO

## **132 kV kraftleidning Dalsbotnfjellet vindkraftverk–Frøyset transformatorstasjon. Høyring av tilleggssøknad. Fråsegn.**

Dykkar dato: 23.02.2016, ref.: 201502028-44, arkiv: 611. Viser også til min uttale av 26.06.2015 om NY NETTILKNYTNING, DALSBOTNFJELLET VINDKRAFTVERK KONSESJONSSØKNAD OG KONSEKVENSUTREDNING - HØYRINGSUTTALE POSTVEG FRÅ BERGEN TIL TRONDHEIM PÅ 1600-TALET - GAMLE VEGFAR I GULEN OG MASFJORDEN – STØLSMINNER – FORNMINNER – KULTURMINNER M.M.

Mange av opplysingane i mitt ovannemnde brev med vedlegg gjeld også for området der den nye traseen vil kome, sjå difor dette brevet med vedlegg.

No kan kraftlinja bli lagt om slik at den kjem nærmere **Krossvoll** og dermed dukkar det opp stadnamn som **Pikksteinen som ligg i Haugen, Pikkhaugen, Storepikkstolen, Littlepikkstolen, Trollhaugen, Steinhaugen, Hove** mfl. - *dette er alle stadnamn som andre stader er knytta til gravhaugar, bautasteinar m.m..* Dette er alle stader som ligg nær den nyomsøkte traseen ved Krossvollen. Vidare har vi **Storesteinen** med ei skålgrøp som ligg rett nord for **Venebakken** der dei daura før, like i nærleiken er **Vesteinane**. Sjå kva Bjørn Myhre, Bente Magnus, Inge Særheim, Olof Sundqvist Grete Lillehammer. skriv om stadnamn, tingstader, gravminne m.m. på Jæren i vedlegg (henta frå internett).

Eg vil berre nemne at på Jæren er KROSVOLDEN eit bruk på garden Hauge like ved Krosshaug der det kjende **Krosshaugfunnet** blei gjort. Der ligg også **Tinghaug og Dysjane – gamal tingstad**. Nabobruket er TU. I Gulen har vi KROSSVOLL som ligg mellom Øvre og Nedre OPDAL og KJELLBY. Her er mange interessante stadnamn, i grensa mot MASFJORDEN ligg TUFJELLET like i nærleiken der den nye traseen er planlagd. Midt i dalen, øst for Krossvoll ligg EINEHAUGEN, ALVEDALEN er dalføret som går oppover mot stolane og fjellet, m.a. til FLATEFJELLET med stadnamnet KROSSEN. Fleire andre stader i landet med namnet Krossvoll/Korsvoll er der gravhaugar.

Det ser no ikkje ut som det blir teke så mykje hensyn til kva som er opplyst før om fornfunn som er funne i bygda, stadnamn m.m., men at den GAMLE POSTVEGEN frå 1650-talet er eit kulturminne bør det ikkje vere tvil om og bør undersøkast nærmare. Langs slike gamle vegfar er det store mogelegheiter for å finne gamle samlingstader/tingstader(?), gravminner og andre fornminner. **Postvegen, som truleg fylgte gamle vegfar, gjekk frå Risnes – Frøyset - Sleire –**

***Myrdalen – Kjellby – (forbi Krossvoll) Opdal(Oppdalsøyra) - Austgulen – Takledalen –  
Takle – over Sognefjorden – Bø i Hyllestad.***

Når vi så veit at ein av gardane i Austgulen før blei skriven Gullen i gamle skattelister og at nabogarden heiter Hauge, der segn seier det skal ha vore kyrkje, då bør ein undersøke om **Gulatinget** kan ha vore ein stad langs dette gamle vegfaret!

Olof Sundqvist skriv på side 99 om kvinnegrava på Fløksand i MELAND, namnet på denne gravhaugen var KOLHAUGEN. Namnet KOLHAUGEN finst både på KJELLBY og ØVRE OPDAL. Eg har også funne mange av stadnamna som eg har omtala tidlegare andre stader i Noreg, Sverige og Danmark der desse namna blir brukt på gravhaugar. Han nemner også Frøyland, Hauge og Dysjane. Bjørn Myhre har med **Pigghaug** på Lye i Time, den ligg ved ein gamal veg. Inge Særheim og dei andre forfattarane som er nemnde ovanfor har også med både stadnamn og fornfunn frå dette området på Jæren som indikerar at der har vore ein sentralstad. Mange stadnamn langs den ovannemnde postveg har fleire av dei same stadnamna som på Jæren. **Dette kan vere ein indikator på at her kan finnast fornfunn av stor verdi. Området bør undersøkast av arkeologar med den rette kompetanse før saka blir handsama.**

Omsøkte linjetrase/trasear bør difor ikkje få konsesjon.

Med helsing

Anne G. Waage

Kopi: Riksantikvaren, [postmottak@ra.no](mailto:postmottak@ra.no)<[postmottak@ra.no](mailto:postmottak@ra.no)>;

Fylkeskonservatoren i Sogn og Fjordane, [postmottak.kultur@sfj.no](mailto:postmottak.kultur@sfj.no)

Berit Gjerland, Sogn og Fjordane Fylkeskommune, [Berit.Gjerland@sfj.no](mailto:Berit.Gjerland@sfj.no)

Fylkeskonservatoren i Hordaland, [kultur@hfk.no](mailto:kultur@hfk.no)

Professor Frode Iversen, [frode.iversen@khm.uio.no](mailto:frode.iversen@khm.uio.no)